



ÅRSMELDING VIKEDAL UNGDOMSLAG 2009

Styret har bestått av:

Gro Anett E Leifsen (leiar), Nils Erik Eide (nestleiar), Svein Bjarte Holten (kasserar), Morten Skeie (skrivar), Ottar Andreassen, Gina Heggebø, Ingebjørg Gjerde og Kari Skogen

Vikedal Ungdomslag har hatt tre styremøter og behandla 30 saker i 2009.

Me arrangerte Sant Hans feiring i lag med Midtbygdens ungdomslag på motorbanen, dette var ein vellykka kveld med stort oppmøte. VUL lagde natursti og hadde ansvar for alle aktiviteter og leiker, samt leing av arrangementet. MUL stod for kiosk-salet og bål.

Under Zparty-festivalen arrangerte VUL tradisjon tru barnediskotek på bygdahuset. Kvelden blei ein suksess, og foreldre kom med tilbakemelding om at dette er eit flott arrangement som kunne vore utvida til kvar kveld i zparty-veka.

Kaptein Hjørnetann var stades under sommer-festivalen til stor glede og iver for dei minste. Her hadde det vore kjekt å utvida programmet til ein Hjørnetann-safari, kanskje med skattejakt for små piratar.

Styret i VUL stemte samrøystes om å gi 50.000 kr til idrettshall i 2010, og 25.000 kr årleg i 4 år.

Frå august fram til desember dreidde all aktivitet seg kring revy. Me planla revy-seminar første helga i august på Ryfylke fjordhotell, dette vart avlyst grunna liten interesse blant revy-gjengen. Dette skulle dessverre koste oss dyrt, då hotellet krevde 9000 kroner. Neste gong bør ein tenke på betre tidspunkt for seminar.

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: eideniss@online.no

Kontonummer:

3244 05 20501



Org. nummer:

984 039 883

Styremedlemmer 2009:

Gro Anett E. Leifsen (leiar), Nils Erik Eide (nestleiar)
Svein Bjarte Holten (kasserar), Gina Heggebø, Kari Skogen
Ingebjørg R. Gjerde, Ottar Sev. Andreassen, Morten Skeie



VIKEDAL UNGDOMSLAG.....for ei aktiv bygd!

Me hadde mange fruktbare revymøter utover hausten, som resulterte i ein ballansert og variert revy. Julebord-revyen "**Splitter Pine- det går så det grine**" blei ein suksess, som drog ca 500 publikumerar til dei tre forestillingane. Revyen gav oss eit greit økonomisk overskot. Vertshuset leverte maten.

Elles har me etablert eiga heimeside dette året. Adressa er:

www.vikedal-ungdomslag.no

Takk for i år!

10.02.10

Gro Anett E Leifsen

Leiar Vikedal Ungdomslag

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: eydeniss@online.no

Kontonummer:
3244 05 20501



Org. nummer:
984 039 883

www.vikedal-ungdomslag.no

Sturemedlemmer 2009:

Gro Anett E. Leifsen (leiar), Mils Erik Eide (nestleiar)
Svein Bjarte Holten (kasserar), Gina Heggebø, Kari Skugen
Ingebjørg R. Gjerde, Ottar Sev. Andreassen, Morten Skeie